



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

05.04.2024

Vår ref:

2023/16

Dykkar dato:

11.12.2023

Dykkar ref:

201400584

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til revisjonsdokument for reguleringa av Aurlandsvassdraget i Aurland kommune

Aurlandsreguleringa produserer mykje klimavenleg energi og har stor samfunnsnytte, men utbygginga har negative konsekvensar for naturmiljø, spesielt anadrome laksefisk og villrein, og friluftsinnteresser. Konsesjonen blei gitt på ei tid då natur og friluftsliv blei tillagt mindre vekt enn i dag, og revisjonen skal bringe konsesjonsvilkåra meir tråd med dagens miljøstandard.

Statsforvaltaren meiner revisjonen må føre til endringar i manøvreringa som gir vekst i bestandane, og eit haustingsoverskot som gir grunnlag for fiske og lokal næringsverksemd. Ei rekkje forskingsprosjekt har tilført mykje kunnskap om reguleringseffektar i vassdraget. Tilstrekkeleg storleik på vasslepp, tekniske løysingar og kostnader må utgreiast godt seinare i prosessen, for å kunne avvege miljøomsyn opp mot energitap. Vi understrekar òg behovet for å lette trekkvegane for villrein.

Vi viser til høyringa av revisjonsdokumentet for reguleringa av Aurlandsvassdraget.

Innleiing

Hafslund Eco Vannkraft AS har utarbeidd eit revisjonsdokument på bakgrunn av innkomne krav frå Aurland elveeigarlag og kommunane som er påverka av reguleringane, og føringar frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Dokumentet omtalar ulemper ved utbygginga som er kjent for selskapet, og skal saman med innkomne høyringsfråsegner gi grunnlag for reviderte vilkår.

I St. meld. 14 (2015-2016) s. 95 er revisjon av vasskraftkonsesjonar omtalt som «et virkemiddel for å modernisere konsesjonsvilkårene og forbedre miljøforholdene i regulerte vassdrag og bringe dem mer i tråd med dagens miljøstandarder.» Det eksisterande kraftanlegget med konsesjonsgitte vilkår skal vurderast opp mot anlegget med føreslegne nye avbøtande tiltak. Aktuelle avbøtande tiltak som skal vurderast i revisjonen, er slepp av minstevassføring/miljøtilpassa vassføring, eller restriksjonar for fylling av vassmagasin. Det vil vidare bli innført moderne standardvilkår, som gir heimelsgrunnlag til å kunne påleggje tiltak som fremjar naturmangfald og ulike brukarinteresser.

Vassforskrifta/tiltaksplanen

Formålet med vassforskrifta er «(...) å gi rammer for fastsettelse av miljømål som skal sikre en mest

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



mulig helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannforekomstene.». I dei nasjonale føringane er det lagt til grunn at vassdrag med klårast potensial for miljøforbetring til lågast mogleg kostnad skal prioriterast for miljøforbetring. Tiltaka i tiltaksplanane skal vurderast etter sektorlovverket, etter kost/nytte-vurdering.

Vasslokalitetar i Aurlandsvassdraget er gjennomgått i revisjonsdokumentet. Det er nemnt fire vassførekomstar med miljømål som omfattar slepp av vatn og som dermed kan innebere krafttap. Dette gjeld 072-100-R Aurlandselvi/Vassbygdelvi, 072-101-R Aurlandselvi, nedre, 072-148-R Furedøla elv frå Store Furedalen – Midjeelvi, og 072-149 R Kleåelvi – Midjeelvi.

Lokalitetane med tiltak som minstevassføring/miljøbasert vassføring, byggjer på den nasjonale gjennomgangen/prioriteringa av vassdragskonsesjonar som skulle reviderast, i [NVE rapport 49/2013](#), der det er foreslått følgjande tiltak som aktuelle for vassførekomstar i Aurlandsvassdraget:

- Minstevassføring på anadrom strekning i Vassbygdelva og Midjeelva, og auka vassføring frå Østerbø til Vassbygdatnet om sommaren.
- Variabel miljøtilpassa driftsvassføring, mjuke overgangar.
- Magasinrestriksjonar i Viddalsmagasinet og Nyhellermagasinet.
- Tiltak for å auke sommartemperaturen i vassdraget for eksempel ved redusert produksjon i Aurland I og tapping av vann nær overflaten.

Anadrome laksefisk

Temaet blir kort kommentert, og vi viser til høyringsfråsegn frå Miljødirektoratet, som har ansvar for anadrom fisk i høyringssaker etter den siste arbeidsdelinga innan miljøforvaltinga.

Tiltak for å betre vassføring og vassstemperatur på lakse- og sjøaureførande strekning står heilt sentralt i revisjonen av reguleringskonsesjonane i Aurlandsvassdraget. Før reguleringa var Aurlandselvi eit av dei viktigaste sjøaurevassdraga i landet, og det var òg ein fiskbar laksebestand i vassdraget. Då vassdraget blei regulert, var intensjonen å kunne produsere mykje samfunnsnyttig kraft, og samtidig oppretthalde det gode fisket i Aurlandselvi.

Fiskebestandane og fangstane gjekk dessverre monaleg tilbake i åra etter utbygginga, og det er dokumentert ei rekkje negative reguleringseffektar på laks og sjøaure. Seinare har problem òg i sjøfasen, blant anna gjennom auka lakselusmitte frå fiskeoppdrett, auka den samla belastinga for laksen og sjøauren i vassdraget.

Kunnskapsgrunnlaget om laks og sjøaure i Aurlandsvassdraget er omfattande, noko gjennomgangen i revisjonsdokumentet av gjennomførte og pågåande undersøkingar viser. Fleire forskingsinstitusjonar har vore involverte, og det har vore fleirårige undersøkingar. Det er utført fleire avbøtande tiltak dei seinare åra innafor gjeldande manøvreringsreglement, og det prøvd ut mellombelse manøvreringsendringar som skulle betre tilhøva for fisken.

Statsforvaltaren har følgd desse prosjekta ganske tett, gjennom deltaking i arbeids-/prosjektgrupper. Aurland elveeigarlag har bidrege med viktig lokal- og erfaringsbasert kunnskap frå tida både før og etter reguleringa. Vi ser at elveeigarlaget i si høyringsfråsegn til revisjonsdokumentet kjem med fleire konkrete innspel i saka, og som vi reknar med blir vurderte i det vidare arbeidet.

I revisjonen av konsesjonsvilkåra må hovudfokus vere tiltak som kan betre vassføring og temperaturlilhøve i elva, slik det er omtalt i den nasjonale prioriteringa. Endringane må bli så vesentlege at dei kan forventast å auke bestandane og få tilbake eit haustingsoverskot som gir grunnlag for både eit attraktivt fiske og lokal næringsverksemd. Det ligg føre eit godt kunnskapsgrunnlag, men vasslepp, tekniske løysingar og kostnader må utgreiast vidare seinare i



prosessen, slik at avveginga av miljøomsyn opp mot energitap blir gjort på ei best mogleg kunnskapsnivå, og i tråd med føremålet med revisjon om å betre miljøstandarden.

Villrein

Temaet blir kort kommentert, og vi viser til høyringsfråsegn frå Miljødirektoratet, som har ansvar for villrein i høyringssaker.

Villreinen i Noreg er truga frå mange hald; sjukdom, habitatfragmentering, auka ferdsel, hyttebygging og kraftutbygging er nokre av dei negative faktorane. Villrein er raudlista i kategori «nær truga». Nordfjella eit nasjonalt viktig villreinområde med mål om ein vinterbestand på om lag 2000 dyr. Per i dag er delbestanden i sone 1 sanert grunna CWD (skrantesjuka), i sone 2 er delbestanden på 3-400 dyr.

Felles for mange av dei gamle trekkvegane i Nordfjella er at både fv 50 og kraftutbyggingane dannar barrierar for villreinen. Magasin har demma ned trekkruiter, og reinen har vore tvungen over til nye passasjer som gjerne ikkje er like naturlege å nytte. Samstundes er det gjerne her at anleggsvegane er lagt, og det er sti- og løypenett for turistar i dei same områda. Ved rehabilitering av damanlegg blir anleggsvegane gjerne brøyta tidlegare, noko som òg opnar opp for bruk av private og grunneigarar.

For Nordfjella er det den samla belastninga som utgjer det største trugsmålet mot villreinen sitt levevis. Det er ikkje berre kraftutbygginga, men heile spekteret av aktivitet som skjer som er alvorleg. Tiltak for å lette trekkvegane bør utarbeidast i samarbeid med villreinnemnd og villreinutval, i tillegg til Statens Vegvesen og kommunane som dekkjer villreinområdet. Det bør vidare vurderast om allmenn ferdsel på anleggsvegar bør avgrensast med bom, spesielt i kalvingstida om dei blir brøyta opp tidleg.

I vår faglege tilråding til tiltaksplanen for villreinen i Nordfjella» er ei landbru i Kongshellersundet (kalla Nyhellersundet i revisjonsdokumentet, der tiltaket òg er omtalt) eit viktig tiltak for å få att ein avgjerande trekkveg. Eit funksjonelt trekk her, vil gjere det lettare for reinen å kome fram til området rundt Geiterygtunnelen, og gjere flaskehalseffekten mindre.

Konsesjonæren bør bidra økonomisk inn i eit arbeid for å kartleggje kva som er dei kritiske momenta og kva som er moglege tiltak for å betre tilstanden og trekkvegane i villreinområdet. Ut frå revisjonsdokumentet ser vi at konsesjonæren òg er positiv til dette. Vi legg til grunn at dette vil vere heimla i standardvilkåra for naturforvaltning.

Anna viktig naturmiljø

Det ser ikkje ut til å vere undersøkt eller vurdert om andre artar enn fisk og villrein kan vere påverka av reguleringa. Nedslagsfelta, og særleg dei høgareliggjande delane, må karakteriserast som dårleg kartlagde, og opplysningane i Naturbasen som svært mangelfulle. Dette er truleg årsaka til at det ikkje er registrert fossesprøytnarar eller bekkeløfter som er påverka av reguleringa.

Vil legg til grunn at Artkart blir sjekka for eventuelle raudlisteartar som er avhengig av fukt frå vassdraget, og at det blir vurdert nærare om viktig naturmiljø kan vere påverka av reguleringa, og eventuelt bør vektleggjast når det skal fastsetjast nytt manøvreringsreglement. Krav om slepp av minstevassføring/miljøbasert vassføring med føremål om betre fiskeproduksjonen eller turverdiane, vil òg vere gunstig for vassstilknytt naturmiljø ved elva.



Landskap og friluftsliv

Reguleringsområdet omfattar fleire viktige/svært viktige friluftsområde. Aurlandsdalen er grundig omtalt i revisjonsdokumentet som historisk vandringsrute og ein av dei ti mest populære fjellturane i landet. Dei tilgrensande fjellområda, med sine reguleringsmagasin og utbygde elvar, er òg registrerte som viktige/svært viktige friluftsområde.

Auka vassføring i tursesongen Aurlandsdalen var som nemnt ovanfor omtalt i det nasjonale prioriteringsrapporten. Aurland elveeigarlag har òg fremja krav her som er grunngitt med fiskeproduksjonen i Vassbygdeldvi.

Konsesjonæren foreslår å kunne senke sommarvasstanden i Vetlebotnvatnet, for å auke pumpinga av vatn opp til Nyhellermagasinet. Dette vil bidra til å auke fleksibiliteten til magasinet, og dermed kraftproduksjonen. Vi forstår av høyringsfråsegna til Aurland fjellstyre at dette ikkje er ønskeleg, då det vil skape problem for bruk av båt under fisket. Eit krav om å fastsetje ein lågaste sommarvasstand i Nyhellermagasinet, for å unngå båtproblem, meiner konsesjonæren vil redusere fleksibiliteten i reguleringa, og dermed lite ønskeleg. Vi har ikkje detaljkunnskap til å gå tungt inn i dei enkelte krava om minstevassføring eller magasinrestriksjonar.

Eventuelle krav om tilretteleggingstiltak for turar og friluftsliv, for å avbøte skade frå utbygginga, vil kunne handterast gjennom nye standard konsesjonsvilkår. Det vil vere naturleg at lag/organisasjonar som representerer brukarane, og som har kunnskap om tilhøva og kan sette problemstillingar på dagsordenen, eventuelt tek initiativ til dette. Vi har erfart at ein del behov for tilrettelegging/avbøting blir ordna gjennom dialog mellom lokale/regionale lag og konsesjonæren, altså utan å gå vegen om Statsforvaltaren og eventuelt til påleggsvedtak frå Miljødirektoratet.

Landbruk

Landbruk er ikkje omtalt i revisjonsdokumentet. Dei fulldyrka jordbruksareala finn ein nede dalbotnen, og det er beite i fjellområda.

Med vanleg forsvarleg jordbruksdrift vil det alltid vere ei viss avrenning av næringsstoff til vassdraga, og det er viktig at dei som driv med jordbruk følgjer regelverket for gjødselhandtering. Skal vasskvaliteten betrast, må alle gjere ein innsats på sitt område. Auka sommarvassføring i Vassbygdeldvi og Midjeelvi gjennom nye minstevassføringskrav, vil utvilsamt vere positivt for resipientkapasiteten.

Anleggsvegar tilhøyrande kraftanlegget kan vere positive for beitenæringa med tanke på tilsyn og slepp av dyr. Vassdragsregulering kan ha påverka gjerdeeffekten i fjellområda, men vi reknar med at dette har vore vurdert og er kompensert i skjønnnet etter utbygginga.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Aurland kommune

Vestland fylkeskommune

Miljødirektoratet

Vangen 1

Postboks 7900

Postboks 5672 Torgarden

5745

5020

7485

AURLAND

BERGEN

TRONDHEIM